



## **Føresegner for tilskot til drift og vedlikehold av private vegar.**

Vedteke i formannskapet 26.08.04

Saksnr.	Løpenr.:	Arkiv	Dato
04/560	196/04	Q10	11.08.04

---

Ved tilskot til drift og vedlikehold til privat veg gjeld fylgjande.

- 1 Som veg reknast vegsystem frå offentleg veg med alle samleveggar og greiner som tener ein eller fleire bustader med fast heilårs busetnad.
- 2 Når det er fleire interesser enn ein husstand til vegen er det krav til veglag med føresegner godkjent av kommunen for utbetaling av tilskot.
- 3 Veglag skal ha leiar, kasserar og eigen bankkonto. Tilskot vert betala til veglaget sin konto.
- 4 Eksisterande ordning med tilskot til ekstraordinær vøling fell bort. Veglaget må legge planar for dette.
- 5 Lengda på veg vert rekna med alle greiner til fast busetnad.
- 6 Lengda som vert grunnlag for tilskot vert redusera med 200 meter for kvar husstand. Lengda kan reduserast for anna industri, næring, kraftproduksjon og liknande med ei lengde som skal stå i høve til omfanget av tiltaket.
- 7 Kommunestyret vedtek kor stort tilskotet skal være for kvar meter veg i samband med budsjett.